

Fråsegn – programplan for «System for styrka læring»

Barnehagane og skulane i Luster kommune har fått jobba godt med dokumentet.

Torsdag 2. april var alle styrar, rektorar, HTV Utd.forbundet og rådgjevar for Oppvekst samla til felles møte vedrørande dette.

Fyrst av alt tykkjer me det er ein god og detaljert plan som vil vere heilt naudsynt for det vidare arbeidet med dette i regionen. Desse områda/strategiane er mål for bhg og skule, jf Rammeplanen for barnehagen og Kunnskapsløftet m generell del.

Me har sett mest fokus på det som kan verte betre.

***LOKAL OG KOMMUNAL FORANKRING**

Luster kommune(LK) meiner at dette «utviklingsarbeidet» må forankrast og jobbast med hovudsakleg lokalt/kommunalt. Det er i eigen kommune me må ha det daglege «trykket», og det er her me kjenner best kva behov me har. Me er positive til eit lokalt programstyre som er med på å setje dagsorden, koordinere etc vårt arbeid. **Eit lokalt programstyre vil vere avgjerande!** Me har siste åra hatt kommunale nettverk i faga norsk, matematikk og engelsk. Desse med utspring i «Vurdering for læring-satsinga» til UDIR som 4 skular var med på . Siste året har barnehagen og komme med i nettverka med ped.leiarar. Dette for td å avklare forventningar til kvarandre, vite om kvarandre, og for at borna skal få så gode overgangar som mogleg.

Nettverka er organisert slik:

- ei overordna styringsgruppe(prosjektleiar, rektor og rådgjevar oppvekst).
- kvart nettverk er organisert med ei plangruppe(prosjektleiar+lærar)
- nettverksamlinga med lærar frå dei ulike faga.

Nettverka har me vidareutvikla i eigen regi etter at satsinga var avslutta. Desse nettverka har vore og er svært positive og utviklande for Lustraskulen og etter kvart i Lustrabarnhagen. Dei kommunale nettverka skal me behalde, men me må samstundes sjå dei opp mot evt «kommunale grupper» som er foreslege etablert i «System for styrka læring»

***STÅSTADSANALYSAR OG UTVIKLINGSPLANAR**

LK er positive til gjennomføring av ståstadsanalysar og utviklingsplanar annakvart år. Dette gir oss klare punkt me må satse på/forbetre. Her må det samstundes vere rom for å sjå «behovet» til kvar einskild eining, kvar einskild kommune og regionen samla.

***REGIONALE NETTVERK**

LK har ymse erfaringar/utfordringar med regionale nettverk. Det er ikkje alle nettverk som er like gode i kvalitet. Det vert for ofte ein «happening» som ikkje fører med seg betre kvalitet i bhg/skule i etterkant. Skal ein ha nettverk, så må det vere nettverk som er matnyttige, og gir auka kvalitet. Ein annan utfordring er informasjon. Det må informerast tidleg og godt nok ut frå «Regionrådet», og det må informerast godt nok internt i kommunane. Vik skulle td arrangere nettverk i matematikk. Det vart avlyst – fordi dei ikkje visste om at dei skulle arrangere det.....

Når ei nettverksamling brukar tid på til dømes å grille pølser så er det «bortkasta tid».....eller at eit nettverk tok seg ein spasertur fordi foredragshaldaren ikkje dukka opp...

Det er kostbart å sende tilsette på nettverk, det skal inn vikarar, det er reiseutg. Det utfordrar tronge budsjett. Eit krav er difor at det må vere kvalitet på dei nettverka/samlingane som er , og at kan takast direkte tilbake til bhg/skulen.

Når skulane/kommunane lagar utviklingsplanar med uttalde prioriteringar/satsingsområde, må det vere akseptert at ikkje alle skular/kommunar kan stille med folk på alle nettverk. Det står i programplan at ein bør ha 1-3 punkt på utviklingsplanen, då må det ekstra fokuset vere på dei områda.

Me stiller og spørsmål om nettverka kan vere meir fokusert på programområda og td dei grunnleggande ferdigheitene og andre tema/område som kjem fram på utviklingsplanar. Det kan difor vurderast om ein reduserar dei reine faglege nettverka, og heller tenkjer td tema/tverrfagleg/grunnleggande ferdigheiter utifrå programområda.

Nettverksamlingar i august? Med dagens arbeidstidsordning og planleggingsdagar. Er det då gunstig med nettverksamlingar så tett inn mot skulestarten. Lærarane har fokuset retta mest mot skulestart dei siste dagane før skulen startar etter ferien.

***STAT-PED**

Stat ped er inne med 1,5 årsverk i ein treårsperiode, kjempeflott! Kva er dei tenkt å nyttast til? LK ynskjer at STAT-PED kjem ut i kommunane/barnehagane/gruppene/skulane/klassane for observasjon, rettleiing og med kompetanse i høve undervisning, spes.ped, gruppeleiing, klasseleiing, tilpassa opplæring mm.

*** VIDAREGÅANDE SKULE/OPPLÆRING**

Vidaregåande opplæring er lite nemnt i programplanen. Me meiner absolutt at dei vidaregåande skulane i regionen må inn i dette arbeidet på eit eller anna nivå. Det er dei som overtek elevane våre, og det vil vere nyttig med gode forventningsavklaringar, overgangsrutinar mm.

***PROGRAMSTYRET «SYSTEM FOR STYRKA LÆRING»**

Me ynskjer fleire medleamar der som deltek i barnehage- og skulekvardagen, og som kjenner best «kvar skoen trykker». I dag er det ein rektor(Ole J Øygarden), og ein pedagogisk konsulent frå bhg(Nina H Sørensen), ellers ingen som jobbar i barnehage og skule....

***BARNEHAGE**

Barnehage er for lite omtala i programplanen. Bhg må meir inn på dei ulike områda, og der spesielt vaksenrolla må fokuserast på. I arbeidsgruppa for bhg sit det 1 styrar, ho kjem frå ein privat bhg. Me meiner det må fleire med, og då frå kommunale barnehagar. 3 fagområde i staden for 7 som i dag. Barnehagelærarutdanninga har tre område som inneheld alle sju fagområda. Dette er: BUL, Barns utvikling, leik og læring, STM, Språk , tekst og matematikk, NHR, Natur, helse og rørsle. Interne tilbakemeldingar tyder på at det er for mange tilstades på dette stemnet. Deltakarar vert sittande i trapper mm under dårlege forhold. Dette bør vere eit stemne for pedagogane som er fagleg ansvarlegei barnehagen og ikkje heile personalgruppa. Er 2. januar den beste datoen?

***PROGRAMOMRÅDA**

Programområda er høgst aktuelle og viktige, samstundes må det vere rom for prioriteringar her. Me veit alle av erfaring at me ikkje klarar å ha for mange fokusområde samstundes, men at ein kan ha mulegheit til velje ut nokre. Dette må igjen samsvare med Utviklingsplanane til kvar eining/kommune/regionen. **Mange av programområda heng saman, og er dermed avhengig av kvarandre, og me må kunne jobbe med dette på tvers.**

1) Systemisk læring/lærande organisasjonar

Arbeidslag: mogleg å koble rektorar frå barnesteget og styrarar.....??

Leiartutdanning for styrarar og rektorar har vore svært positivt, det har blant anna ført til mykje godt utviklingsarbeid.

Barnehagestemne positivt, men er 2. januar den beste dato?

2) Vurdering for læring

LK har jobba med dette i fleire år (sjå lenger oppe), og føler me er komne langt her. Me er avhengig av å jobbe vidare utifrå vår ståstad. Har td ein «prosjektlear» i 10% stilling som er svært dyktig, og som nok kan bidra regionalt.....(?)

3) Motivasjon og meistring

Motivasjon og meistring heng saman, og er heilt avgjerande for borna sin utvikling frå dei vert fødde. Her syner ein til Stortingsmld 22(2010-2011), og ein må finn fleire, nye og betre måtar å organisere og gjennomføre undervisninga på primært utan bruk av spesialundervisning. Viktig at ein ikkje kun tenkjer ungdomssteget, ungdomsrettlear, NY Giv, GNIST her, men at ein og har fokus på dette frå bhg. LK er nysjerrig på «Essunga-modellen», og ynskjer at den vert vurdert prøvd.

4) Psykisk helse

Me opplever at fleire og fleire av td bekymringar og spes.ped-vedtak går på det sosiale og psykiske lidingar. Samhandling, tilpasningsvanskar, dårleg sjølvbilde mm går igjen. Arbeid med sosial kompetanse startar i barnehagen, og må haldast «vedlike» gjennom heile skuleløpet.

Viktig og utifrå frå Opplæringslova sin **paragraf 9a i Opplæringslova om det psykososiale miljøet**, og det å ha gode rutinem instruksar og kvalitetssystem på plass.

Arbeidslag: Bør dekkje heile løpet frå bhg, ut grunnskule og vidaregåande skule

5) Entreprenørskap

Må vere gjennomgåande for heile løpet (barnehage-barnesteget-ungdomsteget), og det må her vere kommunale entreprenørskapsplanar, samt at kvar eining må ha sin eigen entreprenørskapsplan. Som de skriv treng ein deltakarar frå praksisfeltet i arbeidslaget. Då håpar me de meiner frå barnehage-barnesteget og ungdomsteget....?

6) Tidleg innsats

Tidleg innsats er eit av områda der barnehagen er nemnt. Då må ein og ha fokus på meir kvalitet på personalet, det mp td vere gode instruksar når borna startar i barnehagen , gode overgangsrutinar /-instruksar frå bhg til barneskule, frå barneskule til ungdomsskule, og frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring. Kva med ein utviklingsretteleiar ar for barnehagen/barnesteget i regionen? Er tidleg innsats einsbetyande med god kvalitet og nok ressursar i tidleg barnehage- og skulealder....eller er det og tidleg/rask innsats når noko oppstår brått med ein elev. Me har alle opplevd elevar som brått får vanskar på td mellomsteget.....

= **Auka læringsutbyte for alle** gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring med redusert spesialundervsning

Gaupne, 04.04.14

Luster kommune

Kjell Ertesvåg